



Norsk Bremuseum
Bresenteret i Fjærland

6848 FJÆRLAND

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:

Ingeborg Lysne McEvoy

E-post: Ingeborg.Lysne.Mcevoy@sfj.no

Tlf.: 57638173

Vår ref.

Sak nr.: 18/296-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 01.02.2018

Svar - Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018

Prosjekt: Ny Panoramafilm. Støtte til utvikling av innovativ natur-, bre- og klimafilm

Vi viser til søknad datert 14.01.2018 der de søker om støtte til ny panoramafilm.

Fylkeskommunen har eit godt samarbeid med Innovasjon Norge og vi kontakta dei i samband med dykker søknad fordi dette er eit prosjekt som ligg nærmere Innovasjon Norge sitt innsatsområde. Innovasjon Norge har informert fylkeskommunen om at Bremuseet er kundar hjå dei og prosjektet bør vurderast inn under Innovasjon Norge sine bedriftsretta verkemiddel når det gjeld eventuell offentleg medverknad.

Innovasjon Norge og fylkeskommunen samfinansierer ikkje prosjekt. Søknaden om støtte vert difor ikkje imøtekomen av oss. Avslaget er gjort med heimel i retningsliner for virkemiddelbruk.

De har høve til å klage på vedtaket innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på www.sfj.no. Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar.

Eventuelle spørsmål i tilknyting til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Ingeborg Lysne McEvoy
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Klageskjema

Mottakar (ar)

Norsk Bremuseum, Bresenteret i Fjærland 6848 FJÆRLAND

Besøksadresse:

Kultur: Storehagen 1B, Førde
Næring: Fylkeshuset, Leikanger

Postadresse:

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no
Heimeside:
www.sfj.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr :

NO 941 388 841 MVA

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

MELDING OM RETT TIL Å KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK

1) Namnet på forvaltningsorganet 2) Mottakar/part

3) Klageinstans 4) Dato

De har rett til å klage over vedtaket.

De kan klage til klageinstansen, dvs. det organet som er nemnt i rubrikk 3 ovanfor. Men klaga skal først sendast til det organet De får denne meldinga fra (jf. rubrikk 1). Dersom ikkje dette organet endrar vedtaket sitt som følgje av klaga, vil ho bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefristen er 3 veker fra den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk oppgi når De mottok denne meldinga.

Dersom klaga blir sendt for seint, kan saka bli avvist. Har De særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få klagefristen forlengd. De bør då i tilfelle opplyse kvifor klaga er forseinka.

Dersom De ikkje har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna fra det tidspunkt De får grunngjevinga.

Innhaldet : I klaga skal De skriva kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer.

De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klaga.

Klaga skal underskrivast av klagaren.

Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. De kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Med visse avgrensinger har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt Dykk denne meldinga, jf. rubrikk 1. Der kan De også få nærmare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for sakshandsaminga elles.